



Sigrunn Beate Haugland
Hjelten 9
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/693 - 19/6875

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

28.03.2019

Godkjenning - GBNR 1/238 - Løyve til oppføring av terrasse - Flatøy

Administrativt vedtak. Saknr: 83/2019

Tiltakshavar:

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Tiltakshavar har søkt om løyve til oppføring av eit tilbygg i form av terrasse på 35 m² på eksisterande bustad på gbnr. 1/238, Flatøy.

Den omsøkte eigedomen er matrikkelført med eit samla areal på 1127,8 m², og Sigrunn Haugland er registrert som heimelshavar.

Eksisterande bustad er oppgjeve med eit bebygd areal (BYA) på 99 m², og det er søkt om løyve til oppføring av ein terrasse oppgjeve med eit areal på 35 m² BYA. Eigedomen vil då samla vere bebygd med eit areal på 170 m² BYA (inkl. parkeringsareal på 36 m²). Berekna grad av utnytting for heile eigedomen er etter oppføring av tiltaket på 15,07 % BYA.

Det vert elles vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 15.03.2019.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første og andre ledd. Samtlige naboar har samtykka til tiltaket.

Lov- og plangrunnlag

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppføring av eit tilbygg på 35 m² BYA til eksisterande bygning er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2. Storleiken på tiltaket inneber at tiltakshavar sjølv kan stå som ansvarleg før søknad og utføring, jf. byggjesaksforskrifta (SAK 10), jf. pbl § 20-4.

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustad i reguleringsplan for Flatøy Vest, planid: 125619890001. Tillatt tomteutnytting er 25 % BYA.

Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen, og kan difor tillatast.

Plassering, høgd og avstand til nabogrense

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggverket si plassering, medrekna høgdplassering, og byggverket si høgd.

Meland kommune kan godkjenne omsøkt høgd på terrassen i samsvar med pbl § 29-4 første ledd. Ettersom omsøkt plassering ikkje kjem nærare nabogrensen enn 4 meter, kan vi godkjenne plasseringa, jf. pbl § 29-4 andre ledd.

Tiltaket si utforming og utsjånad

Administrasjonen finn at det omsøkte tiltaket stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2. Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 15.03.2019.

Infrastruktur

Tiltaket endrar ikkje tilhøva til vatn, avlaup og tilkomst.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 bokstav a) løyve til oppføring av tilbygg i form av terrasse til eksisterande bustad på gbnr. 1/238, som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Tiltaket skal utformast som vist på vedlagte fasade-, og planteikningar, journalført motteke 15.03.2019, og skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart, journalført same dato.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidligare godkjenning».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
Bilder og teikning

Mottakarar:

Sigrunn Beate Haugland

Hjelten 9

5918

FREKHAUG